

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Rib Konsulenten AS
Att. Jon Anders Birkeland

5281 VALESTRANDSFOSSEN

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
Siril Sylta

Vår ref. **Telefon**
2013/2728 - 0 -
27771/2013

Arkivkode: **Dato:**
196/155 06.12.2013

Delegert sak

Løyve til planering av bustadtomt og oppføring av støttemur - gbnr 196/155 Midtgård

Kommunen gjev løyve til planering av bustadtomt og oppføring av mur i naturstein i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 04.12.2013, 01.10.2013 og 09.08.2013, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll:

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
RIB Konsulenten AS	L	SØK/1/
RIB Konsulenten AS	L	PRO/1/planering av tomt
Tom Solemdal (sjølvbygger)	L	UTF/1/planering av tomt

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden:

Søknaden gjeld planering av bustadtomt på kote + 40 og oppføring av mur i naturstein som går langs tomtegrensa i nord i nord og aust på eigedommen med ei høgde på inntil 4 meter.

Saksgang/historikk:

I først innsendte søknad gjaldt tiltaket planering av bustadtomt på kote + 41 med natursteinsmur på inntil 5 meter høgd.

Det vart gjeve avslag på søknad om ansvarsrett i vedtak datert 12.09.2013. I klage motteke 01.10.2013 vart det skissert ei løysing med å sende inn søknad om ansvarsrett for funksjonane SØK og PRO, og i tillegg redusere planeringshøgda med 1 meter, og mur redusert tilsvarande. Etter ein gjennomgang av klagen, og tilbakemelding til klagar om krav om innsending av søknadar om ansvarsrett, vert saken no handsama på nytt.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

I samband med klage og revidert tiltak, har tiltakshavar har kontakt med dei naboane som vert råka og underretta om endringa. Alle naboar har samtykka til dette. Det er difor ikkje funne grunnlag for ny nabovarsling i samsvar med ny planeringshøgde.

Plangrunnlag:

Eigedommen er regulert til bustad i reguleringsplan for Midtgård/Leknes gnr. 196 bnr.4 vedtatt 14.06.2007.

Veg og tilkomst:

Eigedommen har tilkomst via regulert felles køyreveg. Erklæring om vegrett er lagt ved i dokument datert 26.06.2013.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyvingar:

Må ein ta stilling til i byggesaka ved oppføring av bustad.

Plassering og høgdeplassing:

Det ligg føre skriftleg nabosamtykke for plassering nærmare enn 4 meter frå nabogrensa frå eigar av gbnr 196/91, 196/161, 196/87, 196/153 og 196/154. Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a.

Tiltaket vert godkjent til planeringshøgde på kote + 40,0, jf. pbl § 29-4 1.ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdiggattest, jf pbl § 21-10.

Gebyr:

Søknadspålagt tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2.p Terrenginngrep	1	9.600
C. 5.2.n Støttemur over 3,0 m høgd	1	7.000
C.5.3.1 Lokal godkjenning ansvarsrett	1	2.400
Totalt gebyr å betala		19.000

Gebyr for kartbasis og gebyr som sjølvbygger er gjeve i avslag datert 12.09.2013.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar

Kopi til:

Tom Solemdal Gaupåsvegen 251 5265 YTRE ARNA